

# Vennskap Jeriko-Lærdal - ÅRSMELDING 2013

Styret har i arbeidsåret 2013 vore samansett slik:

Anna Jorunn Avdem (leiar)	vara: Kristin Bolstad
Jan Geir Solheim (styremedlem)	vara: Geir Øverland
Guro Eri Jakobsen (nestleiar)	vara: Bente Øien Hauge
Berit Kaardal (kasserar)	vara: Margunn Thue
Bente Olaug Opsvik (informasjonsansvarleg)	vara: Anna Gjesdal

Jan Geir Solheim og Guro Eri Jakobsen med varafolk er valde av Lærdal kommune for denne valperioden. Berit Kaardal, Bente Olaug Opsvik og Anna Jorunn Avdem med varafolk er valde av årsmøtet i Vennskap Jeriko-Lærdal (VJL). Valnemnd er Rein Arne Golf og Maritha Tønjum Skjerdal. Ingrid Hauge er revisor.

Høgdepunktet i arbeidsåret var besøket frå Jeriko 12.-18. juni, der vi også feira 15-årsjubileet for Vennskap Jeriko-Lærdal. Fyrste delen av feiringa hadde vi da vi besøkte Jeriko i fjor. Det var ei gruppe på ni som kom hit denne gongen, sju karar og to kvinner. Fleire av medlemmene var ”handplukka” ut frå det definerte føremålet med besøket: Othman Saleh, 13 år og leiar i Ungdommens kommunestyre og lærar Jeries Majrouh representerte barn og unge, og rektor Basim Shalash ved Al Quds Open University i Jeriko hadde møte med Høgskulen for å styrkja arbeidet med studentstipend. Kommunestyrerepresentantane Salem Alghrouf og Khalil Mistilha kom til jubileumsfeiringa i ordføraren sin stad, og svært viktig var det også at Wiam Erikat, kontaktkvinna vår gjennom mange år, kunne vera med på jubileumsfeiringa.

Gjestene budde på Hotell Grandane / Lindstøm Hotel. Overraskinga og gleda var stor da Knut Lindstrøm ringde og fortalde at Lindstrøm-familien ynskte å gje verdien på opphaldet, kr. 28 000.-, som ei gåve til beste for barn og unge i Jeriko. Etter framlegg frå Wiam og dei andre i gruppa, bestemte vi at vi set av dette beløpet til eit reisefond, slik at fleire unge frå Jeriko i framtida skal få vera med til Lærdal. Gjestene og styret i VJL hadde i eit møte med Lindstrøm-familien der vi drøfta føremålet og takka for den rause gáva.

Vi hadde lagt besøket og feiringa til Lærdalsmarknaden, sidan det nettopp var under marknaden at ordførarane Abdel Karim-Sidr og Hans A. Tønjum signerte vennskapsavtala i 1998. Til jubileet fekk vi laga heftet *Under same himmel, Vennskap Jeriko-Lærdal 15 år, 1997-2013*. Heftet har tekstar på arabisk, norsk og engelsk og viser eit stort utval bilete frå desse 15 åra. Arbeidsgruppa som laga heftet var Wiam Erikat, Mohammed Azmouti, Marwan Samarat og Samar Tamimi frå Jeriko, og Gerd Berit Tønjum, Bente Opsvik, Jan Olav Fretland og Anna J. Avdem frå Lærdal. Vi tinga Mariell Øyre, som bur i London, til arbeidet med formgjevinga, og trykkinga skjedde i Estland, administrert av Odd Helge Brugrand. Ved hjelp av Dropbox oppe i ”skyene” gjekk samarbeidet på tvers av landegrensene både raskt og smertefritt. Vi har trykt opp 900 hefte og sende i fyrste omgang med 200 av dei til Jeriko. Heftet er til sals i Jerikobui, på COOP og i resepsjonen på rådhuset.

Jerikobui har i 2013 vorte driven på dugnad, slik som før om åra. Tradisjonen tru deltok vi på julemarknaden på Kulturhuset. Men sommarutsalet hadde vi i år i Ulviksbui. Der er det betre plass enn i Eldhuset, slik at vi kunne ha oppe utstillinga *Portrettpar* i heile sommar. Det fungerte veldig bra, og vi vil retta ein stor takk til Oddbjørg Ulvik som sponsa bui slik at vi berre har måtta betala straum og slapp å betala husleige. Styret vil også takka Ingrid Hauge, Kristin Bolstad og alle andre som flittig stiller opp i bui. Jerikobui er ein viktig møteplass og eit positivt symbol for vennskapen vår som vi gjerne vil utvikla vidare. Kanskje kan Jerikobui i framtida bli enno meir synleg og bli det ”Jeriko-hjørnet” som vi har planlagt i lang tid? - Nytt i år forresten at vi no må *kjøpa* nye varer frå Al Quds, og ikkje får ha dei i kommisjon. Men dei ”gamle” varene får vi framleis ha i kommisjon. I samband med denne nyordinga hadde vi såleis ein full gjennomgang av varelageret vårt i haust og returnerte ein del varer som vi har hatt liggjande lenge.

I oktober fekk vi ei fin og rørende nyheit frå Jeriko: Issa Erikat og brørne hans har leigt kafeen på Al Quds Universitetet i Abu Dis, og den har no fått namnet Kafé Lærdal! Namnet er stava på norsk, og kafeen brukar kommunevåpenet vårt som logo. Dei brukar til og med Lærdal som passord for å koma inn på nettet. Anna orienterte kommunestyret om saka, og Sogn Avis hadde stor reportasje om Issa og kafeen laurdag 2. november under overskrifta *Gløymer aldri Lærdal*. – Eit rørende og talande døme på kor viktig vennskapen vår er.

No i november kom det i gang ei arbeidsgruppe som skal arbeida med å finna ut korleis vennskapskommunen kan få ein tydelegare plass i skulane i Lærdal. I gruppa sit så langt Ingebjørg Voll, Sissel Randi Lysne, Solveig Grøthe og Anna J Avdem (frå VJL), og truleg kjem minst ein lærar til med i gruppa. Pedagogisk leiar Torunn Liltved har i samarbeid med oss i VJL teke initiativet til gruppa, og ho deltok også på det fyrste møtet.

Til arbeidet vårt fekk vi i 2013 eit tilskott på kr 80 000.- frå Vennskap Nord/Sør. Det kjem svært godt med, i tillegg til dei 10 000.- som vi årleg får frå Lærdal kommune, medlemspengane og inntekter frå salet i Jerikobui. Sjølv om det blir lagt ned ein svært stor dugnadsinnsats i laget vårt, er det likevel kostbart å ta imot besøk av ei såpass stor gruppe som vi hadde i år. Laget vårt hadde ikkje makta både eit så stort besøk og å gje ut jubileumsheftet utan at vi hadde nokre kroner ”på kistebotnen”. Heldigvis hadde vi det og kunne ha ei verdig jubileumsfeiring.

Laget har 86 medlemmer, og styret har i 2013 hatt 10 styremøte. På fleire av møta har også andre medlemmer delteke. Her må vi særleg nemna Ingebjørg Voll, som er kontaktperson inn mot skulen, og Lasse Sælthun, reiseleiaren vår. Lasse og vi andre er alt i sving med å planleggja ein ny Jerikotur i haustferien 2014. Vi satsar på at skulesamarbeid skal bli hovudtema, men at vi i tillegg kan få med ei større gruppe turistar, som tidlegare.

Den 29. oktober var VJL invitert til Voss, der Palestinakomiteen hadde møte og ynskte at vi skulle informera om arbeidet vårt. Lasse Sælthun fortalde og viste bilde, og Bente Opsvik selde varer frå Jerikobui. Helga etter, 1.-3. november, deltok Bente Opsvik på den store konferansen i Oslo som markerte at det var 20 år sidan Oslo-avtala.

Det er også Bente som har ansvaret for heimesida vår, <http://jericholaerdal.org>. Elles blir nok Facebook stadig meir brukt kommunikasjons- og informasjonskanal. Etter besøket var de også ein stor reportasje i Helg og Kvardag. Sist, men ikkje minst er både telefon, e-post og sms i flittig bruk, ikkje minst når Wiam og Anna drøftar nye samarbeidsprosjekt.

Vennskap Jeriko-Lærdal takkar til slutt alle medlemmer og andre støttespelarar for godt samarbeid. Det er mange som gjerne gjev ei handsrekning til arbeidet vårt. Det er bra, og heilt nødvendig om vennsksarbeidet skal gå – og spreia seg som ringar i vatn. I samband med besøket i sommar var det også mange som stilte opp som sjåførar og omvisarar, som inviterte på heimebesøk eller anna. Ein særleg takk vil vi i år også retta til arbeidsgruppa som laga jubileumsheftet. Takka vere ein stor innsats – til tider både dag og natt – greidde vi å få heftet ferdig i tide til trykking. Og når Odd Helge så frakta hefta heim i eigen bil, kom dei trygt fram til Lærdal same kvelden som gjestene kom til Lærdal og jubileumsfeiringa!

Samarbeidet i styret er svært godt, og leiaren vil takka kvar og ein av styremedlemmene som alle er med og deler på arbeid og ansvar. Ikkje minst set vi pris på at ordførar Jan Geir Solheim greier å finna rom til å prioritera Jeriko-arbeidet så høgt som han gjer – både som styremedlem og som sjåfør under besøket i sommar. Som i fjor sluttar vi årsmeldinga med å takka vennene våre i Jeriko, og da særleg kontaktkvinna Wiam Erikat. Hadde ikkje ho stilt opp seint og tidleg slik ho gjer, alltid positiv og med vilje til gode løysingar, hadde mangt vore annleis.

Lærdal, 20. november 2013

For styret i Vennskap Jeriko-Lærdal

Anna Jorunn Avdem